

Liturgi for morgenbøn

Innleiing

L: Herre, Lat opp mine lepper

A: Så min munn kan lovprisa deg.

L: Gud, kom og berg meg

A: Herre, skund deg og frels meg

A: Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage
ande, som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.

Morgonsalme

Tekstlesing og meditasjon

Bøn

L: Herre allmektige Gud, du som har gitt oss
ein ny dag, vi bed deg: Vis oss vegen og gjer oss
villige til å gå den. Lei tankar, ord og gjerningar
så vi gjer det som er rett, ved Son din Jesus Kristus,
vår Herre.

A: Amen.

L: Lat oss framleis be høgt eller stille

Vår far

Vår far i himmelen,
Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi vi og tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve.

Amen.

Velsigning

Velsign oss, Gud Fader,

Velsign oss, Guds Son,

Velsign oss, Guds Heilage Ande.

Amen.

Laurdag

Mektige Herre, frels oss frå det vonde, så vi kan verte
frelste frå alt vondt på kropp og sjel, og i vår siste
time få døy sæle vekk frå denne verda. For riket er
ditt og makta og æra i all æve. Amen

Sundag

Himmelske Far, lat namnet ditt helgast, så ordet ditt
vert forkjent klårt og reint, og vi ærar namnet ditt i
ord og gjerning. For riket er ditt og makta og æra i
all æve. Amen



Ein stor kross er rissa inn i Kulisteinen frå
Smøla på Nordmøre og med runeskrift står det:
«Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg».
Kulisteinen er rekna som eit av dei tidlegaste skriftlege
teikna på kristendomens innpass i Noreg og den blir omtala
som Noregs dåpsattest. Steinen er datert til kring år 1000.



Møre bispedøme, Moldetrappa 1, 6415 Molde
Tlf. 71 25 06 70 www.kyrkja.no/more

Bøn gjennom veka



Møre bispedøme

Lat oss i dag takke og be...

Måndag

Gode Frelsar, lat riket ditt koma, så du vert kjend mellom oss og alle folkeslag, slik at vi trur ordet ditt og lever med deg no og i æva. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen

- om å få vere ei kyrkje med rom for alle.
- at du må gi oss auge så vi kan sjå kvarandre og vise omtanke for naboane våre.
- at du leier tilsette og frivillige medarbeidrarar og gir glede i tenesta.
- for alle som sørger og ber tunge bører. Gi trøyst og send gode menneske i deira veg.
- for sjukehusprestane, fengselsprestane, døvepresten og studentprestetenesta
- for Misjonsalliansen, samarbeid mellom kyrkjer, likeverd og inkludering.
- for livsglede og glede over skaparverket og om at vi forvaltar det til beste for dei som kjem etter oss.
- Himalpartner og deira misjons- og utviklingsarbeid i Himalaya.
- *Takk Gud, at vi får kvile i din nåde.*

Tysdag

Visdomens Gud, lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen, så vi bøyar vår vilje og legg alt i di hand, og du bryt alle vondne planar og all vond vilje i verda.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen

- alle tilsette i Søre Sunnmøre og Ytre Nordmøre prosti.
- om at dine tenarar får visdom og mot til å forkynne Ordet til tru, etterfølging og teneste.
- for førebuingane til gudstenestene komande søndag.
- for trusopplæringa i kyrkjelydane; at dei som veks opp får erfare glede ved åtru på deg.
- om at kulturarbeidet i kyrkjelydane opnar opp for Guds nærvær gjennom mangfold av uttrykk.
- for vennskapsbispedøma våre; Newcastle bispedøme i England og Nordre Bispedøme i Ungarn.
- for misjonærar og alle med misjonsoppdrag; at du vernar og styrkjer dei i tenesta.
- Det Norske Misjonsselskap; for arbeidet heime og saman med kyrkjer i mange land.
- *Takk Jesus, for at du frelser og set fri.*

Onsdag

Livgjevande Gud, gjev oss i dag vårt daglege brød, så alle får det som dei treng til kropp og sjel, og vi deler med glede gåvane dine ut over heile jorda. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen

- alle tilsette i Nordre Sunnmøre prosti og Indre Romsdal prosti.
- for samarbeidet mellom kyrkja, skulen og barnehagane.
- for familien, gode oppveksttilhøve, kjærleik, tryggleik og vern for alle.
- diakoniarbeidet i kyrkjelydane; at du må kalle menneske til teneste for nesten.
- for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid for menneske som er ramma av krig, katastrofar og svolt.
- For alle som bur, studerer og gjer teneste i utlandet; om vern, frimod og fellesskap.
- Kirkens SOS og Kirkens Bymisjon; om at alle som tek kontakt får håp og nytt mot.
- Normisjon og deira arbeid for at menneske skal kome til tru på deg.
- *Takk, Herre Jesus, for kyrkja og for at du i dåpen gir del i ditt kall og oppdrag.*



Torsdag

Herre over forsoninga, tilgjev oss vår skuld, slik vi og tilgjev våre skuldnarar, så du tilgjev oss og ikkje støyter oss vekk på grunn av syndene, og vi kan tilgje kvarandre. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen

- alle tilsette ved bispedømekontoret, i domprostiet og i Indre Nordmøre prosti
- kyrkerådet, preses og kyrkerådsdirektør.
- biskopen vår, prostane, bispedømerådet, fellesråda og sokneråda.
- om kall til teneste i kyrkja og for alle nyttilsette.
- at utsette for overgrep og krenkingar får hjelp i tide og greier å vinne tilbake verdighet og sjølvrespekt.
- at alle med makt brukar makta si med varsemd og klokskap.
- Stefanusalliansen og for alle menneske som vert forfølgde for trua si.
- Den Norske Israelsmisjon, for det jødiske folket – og arbeidet for fred og forsoning.
- *Takk Gud, for at du er med, også på vonde og vanskelege dagar.*

Fredag

Gud, du som vaktar og vernar, lat oss ikkje koma i freisting, slik at djævelen, verda og vår eigen natur får lokke oss til vantru og synd, men hjelp oss å vinne siger og halde fast på sigeren. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen

- samarbeidsorganisasjonane på plattforma Kirkens Unge.
- at du gir visdom og mot til lokale politikarar og folkevalde på Stortinget.
- om tru og kjærleik i smågrupper og fellesskap i kyrkjelydane.
- om håp og livsmot til alle som slit med sjukdom.
- at mange får erfare ditt nærvær gjennom det kyrkjemusikalske arbeidet.
- at mange kjem til gudsteneste, tar del i sakramenta og kjenner felleskap i trua.
- samarbeidet mellom kristne i lokalsamfunna våre.
- Kristent Interkulturelt Arbeid og fleirkulturelt felleskap.
- respekt og visdom i møte med dei som søker opphold og asyl.
- Areopagos og deira arbeid mellom menneske som søker og leitar etter deg.
- *Takk for vennskap og gode medarbeidrar.*